



KI-notat nr.: 89/2010 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Hauken/Selstad Kraft AS / Hauken/Selstad kraftverk		
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/Gaular		
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:	
Saksbehandler:	Sigrun Birkeland Rawcliffe	Sign.:	
Dato:	19 NOV 2010		
Vår ref.:	NVE 200708878-30		
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg i saken		

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om tillatelse til bygging av Hauken/Selstad kraftverk i Gaular kommune, Sogn og Fjordane

Innhold

Sammen drag	1
Høring og distriktsbehandling	4
Søkers kommentar til høringsuttalelsene	15
Merknader etter NVEs befaring	20
Tilleggsopplysninger fra søker	23
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	25
NVEs vurdering	30
NVEs konklusjon	39

Sammendrag

En strekning i nedre del av Gaularvassdraget (V.nr 083.Z) i Gaular kommune, Sogn og Fjordane fylke, planlegges utnyttet til kraftproduksjon gjennom bygging av Hauken/Selstad kraftverk. Vassdraget er vernet (v.plan IV) og klassifisert som nasjonalt laksevassdrag (2003).

Hauken/Selstad kraftverk vil utnytte deler av avløpet fra et felt på 505 km² i Gaularvassdraget i et 35 m høyt fall mellom kote 115 og 80. Installasjonen vil være på inntil 1,0 MW og midlere produksjon på 8,3 GWh/år. Kraftverket skal være et rent elvekraftverk uten regulering med inntak i Haukevatnet.

Den berørte elvestrekningen er ca. 1,2 km lang. Vannveien vil i øvre del bestå av tunnel (520 m) og deretter nedgravd rørgate (450 m). Kraftstasjonen blir liggende i dagen på sørsiden av elva. Prosjektet er omsøkt med minstevannføring hele året.

Høringspartene er delt i synet på om det skal gis konsesjon til den omsøkte utbyggingen. Gaular kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune går inn for at det gis konsesjon. Høringspartene som går imot utbygging, deriblant Fylkesmannen og Informasjonskomiteen for Gaularvassdraget, legger

vekt på at dette er et vassdrag som er vernet mot kraftutbygging. Det er lagt vekt på vassdragets verdi som type- og referansevassdrag. Dersom NVE likevel finner at konsesjon skal gis, mener Fylkesmannen at det må gjøres avbøtende tiltak for landskap og anadrom fisk.

NVE mener at fordelene i denne saken er knyttet til noe økt energiproduksjon og lokal verdiskapning som igjen kan bidra til å opprettholde lokal bosetting og aktivitet. Et kraftverk ved Hauken/Selstad vil innebære et inngrep i hovedstrengen i et vernet vassdrag som er kategorisert som et viktig type- og referansevassdrag. Fossfossen som er et betydelig landskapselement vil bli berørt. At Fossfossen bevares, er derfor av stor betydning. Utbyggingen vil berøre en anadrom elvestrekning på 1200 m i et nasjonalt laksevassdrag opp til vandringshinderet Fossfossen. På utbyggingsstrekningen vil en bekkekløft med verdi "svært viktig" for biologisk mangfold få noe redusert vannføring.

I verna vassdrag skal nye anlegg bare tillates hvis hensynet til verneverdiene i vassdraget ikke taler i mot. Gaularvassdragets verneverdier er bl.a. knyttet til vassdragets verdi som type- og referansevassdrag, og inngrep i form av kraftutbygging vil påvirke disse verneverdiene. Tillatelse til bygging av Hauken/Selstad kraftverk kan ikke gis, jf. vannressursloven § 35 første ledd, post 5 og 8.

Tiltaket vil videre føre til endring av naturlig vannføring og vandringsforhold på lakseførende strekning i et nasjonalt laksevassdrag. Tiltaket vil derfor være i strid med retningslinjer for forvaltning av nasjonale laksevassdrag i og med at det etter disse ikke kan gis tillatelse til tiltak som er av nevneverdig negativ betydning for laks, jf. St.prp. nr 32 2006-2007. På grunn av tiltakets plassering er det lite sannsynlig at konfliktene kan løses med endring av tiltaket.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Hauken/Selstad Kraft AS, datert 5.7.2006:

"Hauken/Selstad Kraft AS ønsker å nytte fallet i Gaula i Gaular kommune i Sogn og Fjordane fylke til kraftproduksjon, og søker med dette om følgende løyve:

1. *Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:*
 - *å bygge Hauken/Selstad kraftstasjon på Selstad i Gaularvassdraget i Gaular kommune*
 - *Å føre hovudelva inn i røyrgate frå inntak kote 115 til kraftstasjon kote 80, med utslepp til Gaula*
2. *Etter energilova om løyve til:*
 - *bygging og drift av Hauken/Selstad Kraft, med tilhørende koblingsanlegg og kraftlinjer som omtala i søknaden.*
3. *Etter ureiningslova om løyve til:*
 - *gjennomføring av tiltaket"*

Hoveddata for kraftverket:

"Kraftverket

Nedbørfelt (km ²)	505
Middelvassføring (m ³ /s)	43,1
Alminneleg lågvassføring (m ³ /s)	3,99
Inntak på kote	115
Avlaup på kote	80
Brutto fallhøgd (m)	35
Midlere energiekvivalent (kWh/m ³)	0,08
Slukeevne, maks. (m ³ /s)	3,67
Slukeevne, min. (m ³ /s)	0,73
Tillaupsrøyr, diameter (m)	1400
Tillaupsrøyr/tunnel, lengd (m)	980
Installert effekt, maks. (kW)	999
Brukstid (t)	7878
Produksjon, vinter (GWh) (1/10 – 30/4)	3,6
Produksjon, summer (GWh) (1/5 – 30/9)	4,7
Produksjon, årleg middel (GWh)	8,3
Utbyggingskostnad (mill. kr)	14,2
Utbyggingspris (kr/kWh)	1,71

Elektriske anlegg

Generator	Yting MVA	Spenning kV
	0,999	0,69
Transformator	Yting MVA	Omsetning kV/kV
	0,999	0,69/22
Kraftlinjer	Lengd (meter)	Nominell spenning kV
	320	24

”

Høring og distriktsbehandling

NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden:

Gaular kommune har i formannskapssmøte den 11.12.2008 vedtatt følgende:

- Gaular kommune gjev, i samsvar med §7 i Plan- og Bygningslova, dispensasjon frå arealdisponeringa i gjeldande kommuneplan, vedteken 28.06.2001 i sak K33/01, slik at omsøkt areal kan nyttast til kraftverksutbygging. Dispensasjonen blir gjeve under føresetnad av at ander offentlege høyringsinstansar ikkje har innvendingar.*
- Gaular kommune anbefalar at Hauken/ Selstad Kraft AS får løyve til å byggje Hauken / Selstad kraftverk under følgjande forutsetningar:*
 - Detaljerte planar for opparbeiding av rørtrase som syner at anlegget kan gjennomførast utan at masse rasar ut i Gaula skal framleggast for Gaular kommune før oppstart.*
 - Etablering av massedeponi i området skal godkjennast av Gaular kommune før opparbeidinga startar.*
 - Plan for etablering av inntaksdam og oppreinsking av elvebotnen oppstrøms inntaksdammen skal leggjast fram og godkjennast av NVE før løyve blir gjeve.*
 - Det må vurderast om den produserte straumen kan takast ut gjennom jordkabel langs rørtraseen og knytast på eksisterande leidningsnett ved Haukvatnet.*
- Det skal sendast fram søknad for bygging av inntaksdammen ved Haukvatnet og bygning for kraftverket på Selstad. Disse skal handsamast etter plan- og bygningslova av Gaular kommune.”*

NVE refererer vidare fra saksfremlegget:

” (...)

Haukvatnet der inntaket for kraftverket er planlagt er i EDNA definert som viktig naturområde. Direktoratet for naturforvaltning omtalar eit parti i elva, nedanfor Haukvatnet som viktig område for biologisk mangfald. Det blir anbefalt at dette området ikkje blir rørt, verken med skogshogst eller naturinngrep. Området ligg langs elva, mellom inntaket og den planlagde rørtraseen, og vil ikkje bli rørt av den omsøkte utbygginga.

For etablering av grøft røyrsgata og boring av tunnel må det fjernast eller skiftast ut ca 3.000 m³ masse. Dette utgjer 4- til 500 billass som må transporterast langs elva i den planlagde traseen for landbruksvegen og deponerast på ein godkjend plass. Det må også transporterast inn, etter teknisk sjef sitt anslag, ca. 150 -200 lass med fyllmasse i vegtraseen. I heile traseen for landbruksvegen er der relativt smalt ned til elva med bratt skråning som er kledd med skog. Den

nedste delen av traseen går gjennom eit strekk på ca 150 meter med svært smalt parti der ein fjellhammar på 10 -15 meter høgde avgrensar arealet øvresida av vegtraseen. Det vil vere utfordrande å grave/sprengje/bore plass til røyrgate, gjennomføre masseutskiftinga og legging av rør utan å kome i berøring med elvebredda.

Vassinntaket er ikkje beskrive i detalj, men det er beskrive at planen er å lage inntaket på land under bakkenivå ved kanten av Haukvatnet. Planen er å lage ei "grøft" i vasskanten som inntak og reinske vasskanten eller elvelaupet oppstrøms for stein og lausmassar. For å regulere inntaket av vatn er planen å nytte automatisk måling av vassmengda i elva slik at inntaket blir stengt ved lågvassføring. Utløpet frå kraftstasjonen er planlagt gjennom kanalen som er nytta som tilførselskanal til det gamle sagbruket på Selstad. Utbyggar ser for seg at det gamle utløpet som er tetta må opnast igjen og at dagens uttak frå elva må tettast slik at det ikkje blir for mykje vatn i kanalane som er etablert på oversida av sagbruket.

Det er sendt inn protest på utbygginga frå eigar av Gnr 71 bnr 6,10 og 11. Protesten går på opparbeiding av vegtraseen med røyrgate og at dette vil verke skjemmande i området langs Gaula som er verna.

Statens vegvesen har meld at dei ikkje har merknadar til etablering av kraftverket.

Konsesjonshandsaminga skal, etter informasjon frå NVE, gjennomførast etter reglane i kap 3 i vassressurslova. Det går ikkje heilt klårt fram i lovverket kva rolle kommunen har i samband med denne handsaminga. Med støtte i Statens Byggetekniske etat sin vegledning om sakshandsaming i byggsaker §7 meiner teknisk sjef at kommunen i denne samanheng berre skal ta stilling til arealdisponeringa. Teknisk sjef meiner at bygningar og bygningstekniske installasjonane er søknadspliktige og skal handsamast etter Plan og bygningslova § 93 også om det blir gjeve konsesjon for kraftverket.

Området som kraftverket er planlagt i er etter kommuneplan for Gaular kommune, vedteken 28.06.2001 i sak K33/01, NLF område. Ei utbygging slik den er skissert vil plassere inntaket i skogsområde og kraftstasjonen i område som er nytta til beite. Utbygginga vil derfor ikkje vere til hinder for landbruksinteressene i området. Slik kraftstasjonen er plassert vil den ligge i nærleiken av sagbruket og med rett utforming av bygget kunne falle godt inn i området. Den vil derfor, etter teknisk sjef sitt syn, ikkje redusere området sin verdi sett med omsyn til naturkvaliteten. Røyrtraseen som blir lagt i landbruksvegen vil vere relativt stort inngrep i det smale og bratte terrenget ned mot Gaula. Det vil derfor vere sterkt avhengig av utføringa frå entreprenøren om dette naturinngrepet kan beskrivast som akseptabelt ut frå naturomsyn. Ettersom det enno ikkje ligg føre beskriving av korleis dette arbeidet skal utførast er det vanskeleg å vurdere om inngrepet er akseptabelt. At inngrepet ligg i same trase som landbruksvegen som er godkjend vil vere ein fordel, men inngrepet for å legge rørgata vil vere vesentleg større enn etablering av vegen som i realiteten er utbetring av den eksisterande landbruksvegen. Ved vurdering av anlegget mot "Differensiert forvaltning av Gaularvassdraget" er både etablering av kraftverket og bygging av linje over elva i strid med vern av Gaula. Gaular kommune har tidligare godkjent bygging av kraftverk i Gaularvassdraget og uttalen frå Rådgivende Biologer AS slår fast at anlegget ikkje vil påverke fiskebestanden. Kraftlinja over Gaula vil likevel vere skjemmande så her må utbyggar vurdere andre alternativ. Eit mogeleg alternativ er å ta straumen ut i jordkabel tilbake til Haukvatnet og knyte seg på eksisterande linje der. Plan for opparbeiding av traseen for røyrgate vil vere avgjerande. For å ta stilling til storleiken av inngrepet og risikoen for at masse kan rase ut i Gaula må utbyggar få ei vurdering av kvalifisert personell."

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har uttalt følgende i brev datert 20.2.2009:

"(...)

Vurdering

Til søkjar opplyser vi at Fylkesmannen skal vurdere saka i høve til allmenne interesser, jf. § 8 i vassressurslova. Dette omfattar tema som naturmiljø (m.a. landskap, biologisk mangfald, inngrepsfri naturområde, fisk) og friluftsliv. NVE har avgjerdsrett etter vassressurslova. Vidare vurderar vi meldingar og søknader i høve til lakse- og innlandsfiskeklova og ureiningslova. Miljøverndepartementet har avgjerdsrett etter ureiningslova når det gjeld uttak av vatn i samband med vasskraftutbygging.

Etter vårt syn vil denne utbygginga i første rekkje vere i konflikt med naturverdiar, landskap, fisk og statusen som referansevassdrag.

Landskap og friluftsliv

Gaularvassdraget er verna mot kraftutbygging, jf. Verneplan IV for vassdrag. Vassdraget er særleg kjent for å ha mange flotte og lett tilgjengeleg fossefall. Ei marknadsført turrute er kalla Fossestien. Dette er ein 21 km lang vandringsveg frå Gaularfjellet til Viksdalen. Stien endar ved Fyllingsvatnet som ligg eit stykke oppstraums Fossfossen. Det er også arbeidd med å få til eit nasjonalt senter for verna vassdrag knytt til Gaularvassdraget.

Fossfossen er ein av dei finaste og mest kjende fossane i Gaularvassdraget. Fossen og elvestrekka nedstraums ligg godt synleg frå Riksveg 610. Også om vinteren er dette eit parti av elva som ein merkar seg når ein er i området. Det betyr at vassføringa er viktig heile året. I avsmeltingsperiodar og ved høg vassføring elles, vil ikkje eit vassuttak på 3,67 m³/s visast i fossen. På dei lågare vassføringane om vinteren vil det utgjera ein langt større del. Det føreligg lite fotodokumentasjon i søknaden, slik at det er vanskeleg å si korleis fossen vil bli påverka ved ulike vassuttak ved låg vassføring. Når det gjeld friluftsliv viser vi til uttale frå Sogn og Fjordane turlag, datert 17.12.2008.

Inntaket skal liggje i eit vatn. Området der inntaket er planlagt er langgrunt, jf. vedlagt flyfoto frå Norge i bilder. Det låg før eit drikkevassinntak i området, men dette kan ikkje samanliknast når det gjeld inngrep og mengde vatn som vert teke ut. Vi meiner det er uheldig å leggje inntaket i vatnet fordi det krev eit større inngrep i sjølve vatnet, og det er meir krevjande å ha oversikt over vassuttaket i høve til minstevassføring osv. Innretningar som skal sikre minstevassføring, at kraftverket køyrer på tilsiget osv., må etter vår vurdering fungere automatisk og ikkje vere avhengig av elektronikk. På den aktuelle strekkinga der røyrgata skal gravast ned er det parti som går bratt ned til elva og det vil vere vanskeleg å unngå utrasing, større skjeringar osv. Sjølv om området er godkjent med tanke på skogsveg (som enno ikkje er bygd), er det i dei fleste tilfelle meir plasskrevjande å grave ned ei røyrgate. Det er svært viktig at elva og det elvenære området ikkje vert skadelidande på grunn av ei røyrgate. Vår vurdering er at røyrgata og veg vil virke skjemmaende på landskapet langs elva. Massedeposering må ev. skje i god avstand til elva, utan fare for utvasking, og slik at det vert skjerma for innsyn frå vegar osv. Nye kraftlinjer må leggjast i jord. Ny kryssing med luftspenn over elva er uakseptabelt.

Naturmiljø, biologisk mangfald, verneplanar og inngrepsfri område (INON)

Gaularvassdraget er i vernesamanheng referert til som både type- og referansevassdrag. Bekkekløfta som vert påverka av redusert vassføring er verdisett som Svært viktig, jf. omtale i

Naturbase; [htt://dnweb12.dinr.no/nbinns/n/as/faktaark.as?iid=BN00017860](http://dnweb12.dinr.no/nbinns/n/as/faktaark.as?iid=BN00017860) Her er m.a. funne skorpefilitlav som er raudlista som sårbar NU. I skildringa av området heiter det at: "Truleg har lokaliteten potensiale for fleire råmekrevjande artar, både av skorpelav, makrolav og mosar. "Eit viktig siktemål med Gaularvassdraget sin status som verna vassdrag og referansevassdrag er å ta vare på vassdragstilknytte livsmiljø i naturleg tilstand, slik at desse kan tene som referanse m.a. i høve til vassdrag og elvestrekningar der vassføringa i varierende grader er manipulert. I ei elvekløft som denne, med karakteristiske samfunn av råmekrevjande lav- og mosesamfunn på trea, bør difor vassføringa vere naturleg, sjølv om ein godt kan tenkje seg at desse artssamfunna også ville overleve ein viss reduksjon i vassføringa. Haukevatnet er registrert i EDNA (register med område med spesielle naturkvalitetar i Sogn og Fjordane), som eit lokalt viktig våtmarksområde med rasteplass for våtmarksfugl. Det har fått lokal prioritet. Området har vore vurdert i samband med verneplanarbeidet for våtmark, men har altså ikkje fått nokon vernestatus.

Det vert ikkje reduksjon i inngrepsfrie område (INON).

Fisk og fiske

Gaularvassdraget er eit nasjonalt laksevassdrag. Målet med nasjonale laksevassdrag er å gje viktige laksebestandar i Noreg særleg vern. Laksebestandane dette gjeld skal vernast mot inngrep og aktivitetar i vassdraga og i dei nærliggjande fjord- og kystområde. Det er ikkje tillete med nye tiltak og aktivitetar som kan skada villaksen i desse vassdraga. I "beskyttelsesregime for nasjonale laksevassdrag og lakseffjorlar" (kap. 6 i St.prp. nr 32 2006-2007) vert inngrep og aktivitetar som vassdragsregulering vurdert om dei kan skade produksjonen eller overlevinga av laks i vassdraget. Fråføring av vatn og vassdragsregulering kan ikkje utførast om det fører til redusert vassdekt areal, eller endring av naturleg vassføring, vassstemperatur, vasskvalitet eller vandringsforhold for lakseførande strekning som er av nemneverdig negativ verknad for laksen.

Fossfossen utgjer det endelege vandringshinderet for anadrom fisk i Gaularvassdraget. Ei strekning på ca 1200 meter frå Fossfossen til kraftverket på Selstad vert påverka av utbygginga, og utgjer 9,4 % av den anadrome strekninga i Gaula. Strekninga frå Sande til Fossfossen er den viktigaste produksjonsstaden for laks i heile elva. Fleire undersøkingar har vist at det er høg tettleik av ungfisk på denne strekninga. Særleg oppstraums Sande er det svært god tilgang på skjul for ungfisk av laks og sjøaure, og spesielt eigna oppveksttilhøve for dei eldre fiskungane. I rapporten "Tiltaksplan for auka produksjon av laks i Gaula, Gaulaprosjektet, rapport nr 1, 2007" frå NINA og SINTEF, heiter det: "Mesteparten av noverande lakseproduksjon skjer i dei øvre delane av lakseførande strekning. Desse områda har ein gunstig kombinasjon av høvesvis rasktflytande elvestraum og grovt boms substrat med mykje holrom. Slike område gir grunnlag for ein høg tettleik av eldre laksungar, som igjen resulterer i ein høg produksjon av laksesmolt." Ein av undersøkingstasjonane ligg nedanfor Fossfossen. Undersøkingane viser at denne stasjonen har ein av dei høgaste tettleikane av årsyngel av laks i elva, men også bra tettleik av eldre lakseungar. Dette gjer at elvestrekninga som blir påverka er viktig produksjonsområde for laks for laksebestanden i Gaula.

Rådgivende Biologer har vurdert konsekvensane for vasskraftutbygginga til å vere lite konfliktfylt i høve til anadrom fisk. Dei grunngeir dette med at mesteparten av elveleiet er vassdekt ved dei fleste vassføringar. Etter deira vurdering vil minstevassføringa på 4 m³/s vere nok til at mesteparten av elvearealet vil vere vassdekt. Rådgivende Biologer har også vurdert konsekvensane av eit utfall av kraftverket i ein situasjon der vassføringa i elva er ned mot minstevassføring. Dei skriv at vassføringar mellom 7,5 m³/s og opp til ca 15 m³/s vil gje

merkbar endringar i elva ved brå stans i kraftverket, men etter deira vurdering vil mesteparten av elva nedanfor kraftverket vil vere vassdekt ved ein vasstand på 4 m³/s, og ein stopp i kraftverket vil ikkje føre til merkbar stranding og fiskedød.

Strekninga frå Fossfossen og ned til kraftverket er på 1200 meter. Ved ein stopp i kraftverket vil det ta ei stund før vatnet vil kome ned til kraftverket frå fossen. Fylkesmannen meiner det ikkje ligg føre godt nok grunnlag for å gjere vurdering av vassdirekt areal ved ulike vassføringar. Så langt vi kjenner til er det ikkje laga profilar av elva/elvebotn og berekna korleis dei ulike vassføringane vil dekke gyte- og oppvekstareal for laksen i vassdraget. Dette gjeld både på den strekninga som får fråført vatn og den strekninga som blir påverka ved ev. utfall av kraftverket. Det er vidare ikkje gjort noka vurdering av kor langt nedover i elva eit utfall vil påverke vassføringa. Med bakgrunn i at det aktuelle område er viktig for lakseproduksjonen i elva, dei nasjonale interessene og Noreg sitt internasjonale ansvaret for å ta vare på villaksen, er det for dårleg grunnlag for å konkludere med at ei ev. vasskraftutbygging som planlagt ikkje vil føre til ulempe for fisken.

Dersom det er aktuelt å gå vidare med planane må det gjerast grundigare undersøkingar eller setjast krav om høgare minstevassføring. Dersom ein ikkje kan utelukke at laksebestand vert påverka av utfall av kraftstasjonen og brå reduksjon av vassføringa nedstrøms, må det byggast forbisleppingsventil. Effektkøyring av kraftverket må ikkje førekoma.

Ureinig, vasskvalitet og støy

Det er ikkje venta at vasskvaliteten vil endre seg på grunn av vassuttaket. Vi ser det som lite sannsynleg at vasskvaliteten vil bli vesentleg endra av omsøkt tiltak. I høve til ureiningslova er tiltaket difor lovleg. Dersom det viser seg at tiltaket fører til skadar eller ulemper ein ikkje er klar over eller har opplysningar om no, kan det bli aktuelt å vurdere tilhøvet til ureiningslova på nytt. Tiltakshavar kan vidare bli erstatningspliktig for ev. skadar/ulemper som følgjer av tiltaket.

Kraftstasjonen blir ev. liggande eit stykke frå busetnad osv. på sørsida av elva, og med veg og busetnad på andre sida av elva. Det må takast omsyn til ytre omgjevnader når det gjeld støy. Vi føreset at det gjennom ev. detaljprosjektering vert gjort støydempande tiltak.

Landbruk

Det vert vurdert at det er lite eller ingen negative konsekvensar for landbruksdrifta i området.

Tilråding

Fossfossen er eit svært viktig heilårs landskapselement i det verna Gaularvassdraget. Fråføring av vatn i periodar med låg vassføring, og inngrep i det elvenære området er i konflikt med landskapsverdien. Ei ev. kraftutbygging vil også kome i konflikt med ein svært viktig naturtypelokalitet. Vassdraget vart m.a. verna som type- og referansevassdrag, noko som gjer det spesielt viktig å sikre slike naturtypar med naturleg vass-strøymingsregime. Den aktuelle elvestrekka er svært viktig for lakseproduksjon i det nasjonale laksevassdraget. Etter vår vurdering er ikkje fiskeinteressene godt nok sikra med undersøkingar og planlagde avbøtande tiltak. Kommunedelplanen viser til at småskala vasskraftutbygging er tiltak/inngrep som normalt vil vere i strid med vernekriteria.

Fylkesmannen vurderer at denne utbygginga er i konflikt med naturverdiar, fisk og landskap. Utbygginga vil vere negativ for Gaularvassdraget som verna vassdrag, type- og referansevassdrag og nasjonalt laksevassdrag. Ut i frå verknaden for verneverdiane og

allmenne interesser vil Fylkesmannen vil rå til at det ikkje vert gjeve konsesjon for Hauken/Selstad kraftverk.

Det har i dette område vore mange rundar med diverse planar som omfattar Fossfossen og elva. Nokre har vore meir omfattande med sprenging i utløpet av fossen, og andre har vore meir akseptable. Det er vår oppgåve å peike på nasjonale og regionale verdiar som blir skadelidande ved vasskraftutbyggingar. Forvaltninga sine føringar blir også endra over tid. Det er eit vedteke mål å stoppe tap av biologisk mangfald innan år 2010. Slik vi vurderer denne utbygginga kan ei monaleg auke i minstevassføring og svært varsam framføring av røyrgate, avbøte omsynet til landskap og fisk. Det er likevel usikkert om dette vil vere godt nok i høve til sjeldne artar, bekkekløfta med nasjonal verdi og ivaretaking av referanseverdiar knytt til dette området. Grunnlaget for slike vurderingar må ev. utgreiast av ekspertar på fagfeltet, men vil også etter vår vurdering vere eit prinsipielt spørsmål i høve til vassdraget sin vernestatus og referanseverdi.

Det er per i dag godkjent/gjeve løyve til 22 mindre vasskraftverk i Gaularvassdraget, og inkludert Hauken/Selstad kraftverk er det 5 vi kjenner til i søknadsfasen. Med omsyn til at vassdraget er verna mot kraftutbygging og skal fungere som eit type- og referansevassdrag, kan det etter vår vurdering også vere aktuelt med ein diskusjon om sumverknader, og om grensa snart er nådd for kva som er akseptabelt av vasskraftutbygging i det verna vassdraget, ev. delar av det.”

Sogn og Fjordane fylkeskommune fattet følgende vedtak i fylkesutvalget 11.3.2009:

”(..)

- 1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at konsesjon vert gitt, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurdert til å vere større enn ulempene og at kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt.*
- 2. Det må vurderast om den produserte straumen kan takast ut gjennom jordkabel langs røytraseen og knytast til eksisterande leidningsnett ved Haukevatnet. Det vert elles vist til merknader frå Gaular kommune med krav om detaljerte planar for framføring av røyrgate og plassering av massedeponi.”*

Fra saksutredningen refererer vi følgende:

”(…)

Fordelane ved tiltaket er fyrst og fremst av økonomisk karakter og knytt til energiproduksjon på 8,3 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Aktuelle ulemper vil vere knytt til bygningsmessige tiltak (inntak, vassveg som tunnel og rørgate, kraftverksbygning, kraftilinje som kryssar elva, massedeponi og redusert vassføring i Gaula.

Automatisk freda kulturminne

Sogn og Fjordane Fylkeskommune har i dag ikkje kunnskap om automatisk freda kulturminne (kulturminne frå før 1537) i det området som vert råka av ei eventuell utbygging av Hauken/Selstad kraftverk i Gaular kommune.

Ved gjennomføring av tiltak i eit område er det alltid mogleg at tiltaket kan verke inn på automatisk freda kulturminne under markoverflata som ein i dag ikkje har kunnskap om. Det er såleis ofte naudsynt å gjennomføre arkeologiske registreringar i samband med tiltak, jfr Undersøkelsesplikta § 9 i Lov om kulturminne.

Når det gjeld Hauken/Selstad kraftverk i Gaular kommune så vurderer vi at deler av området har potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Sogn og Fjordane Fylkeskommune vurderer det difor som naudsynt å gjennomføre ei arkeologisk registrering i samband med ei eventuell utbygging i Gaularvassdraget for å vurdere om tiltaket kjem i berøring med automatisk freda kulturminne (jfr §§ 9 og 10 i Lov om kulturminne).

I søknaden er det gjort greie for at ein frå inntaket skal sprengje ein om lag 430 meter lang tunnel. Som opplyst i søknaden må desse sprengmassane lagrast/mellomlagrast. Vi gjer merksam på at lagring av deponimassar fell inn under Undersøkelsesplikta § 9 i Lov om kulturminne. Difor må utbyggjar så snart som råd er lokalisere området for massedeponi og legge dette området fram for Sogn og Fjordane Fylkeskommune for vurdering i høve automatisk freda kulturminne

Kulturminne frå nyare tid

Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, blir direkte eller indirekte råka av det planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på.

I den grad det er mogeleg, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er å sjå på som kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til overdekking av grøftene.

Samla vurdering

Gaular kommune gjer i saksutgreiing og høyringsuttale merksam på det utfordrande terrenget langs elva der vassvegen skal leggst i rør og krev framlegging av detaljerte planar. Evt. massedeponi skal avklarast med kommunen på førehand og det er ønskje om å få vurdert ei løysing basert på kabel mellom kraftverket og østover langs rørtraseen til ei eksisterande linje ved Hukevatnet. Fylkesrådmannen er samd i desse merknadene. Fylkesmannen rår frå at konsesjon vert gitt ut frå at utbygginga vert vurdert til vere i konflikt med naturverdiar, fisk og landskap og at den vil vere negativ for Gaularvassdraget som verna vassdrag, type- og referansevassdrag og nasjonalt laksevassdrag. Monaleg auke i minstevassføring og svært varsam framføring av rørgate, kan avbøte konsekvensane for landskap og fisk, men Fylkesmannen er usikker på om dette vil vere godt nok. Det vert vist til at det til no er godkjent/gitt løyve til 22 mindre vasskraftverk i Gaularvassdraget, og inkludert Hauken/Selstad kraftverk er det fem kjende prosjekt i søknadsfasen.

Vurdert ut frå dei tema som fylkesrådmannen ser på som sine hovudansvarområde i kraftutbyggingssaker: kulturminne, landskap, friluftsliv og næringsutvikling, konkluderer fylkesrådmannen med at konsesjon bør kunne gjevast, men med krav om høgare minstevassføring.

Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmannen rår til at konsesjon vert gitt, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaket vert vurdert til å vere større enn ulempene og at kraftverket vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt. Fylkesrådmannen meiner at slepping av minstevassføring må aukast og at tilknytting til eksisterande kraftlinjenett skal skje via kabel. Det vert elles vist til merknader frå Gaular kommune med krav om detaljerte planar for framføring av rørgate og plassering av massedeponi.”

Sogn og Fjordane turlag har i brev datert 17.12.2008 uttalt:

”(…)

Om friluftsliv i det aktuelle området:

Dei største frilufsinteressene i dette området er knytt til fiske, og til korte turar for å oppleve Haukevatnet og ikkje minst Fossfossen og hølen/elva nedanfor. Fiskeinteressene er truleg store nedanfor Fossfossen. Fossen er ein av dei finaste i Gaularvassdraget, og dermed ein stor attraksjon.

Når det gjeld tradisjonell turgåing, er interessene, etter det vi kjenner til, moderate. Området er, slik vi oppfattar det, først og fremst viktig fordi landskapet med vatnet, elva og fossen, er så fint. Dessutan er biologisk mangfald viktig i området.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

Ettersom dette gjeld ei utbygging i eit verna vassdrag, er slukevna for den planlagde kraftstasjonen moderat, og innanfor den 10%-gransa ein vanlegvis opererer med i hovudelva i verna vassdrag.

Inntak: *Vi føreset at alle inngrep blir i den bukta i Haukevatnet der inntaket skal vere, og at det ikkje blir noko som helst inngrep på toppen av Fossfossen. Ettersom Gaularvassdraget er svært viktig som turistelv, må inngrepa i samband med inntaket gjerast så lite synlege som råd er.*

Rørgate: *For å redusere steinmengdene, er det heilt klårt ein fordel å bore tunnelen, fordi massane som då skal transporterast bort er relativt små. Viss tunnelen skal sprengast, må det vere ein klår føresetnad at steinmassane vert frakta vekk. Kanskje kan dei nyttast i samband med den planlagde omlegginga av E39 forbi Sande sentrum?*

Kraftstasjonen: *Støydemping er her, som dei fleste andre stadar, viktig. Utbyggarane har lagt opp til støydemping, men vi ber NVE vurdere om det kan/skal stillast enda større krav.*

Kraftlinjer: *Det ser ut som det er lagt opp til å bruke ei 22 kV luftline tvers over Gaularvassdraget. Dette er etter vårt syn både heilt uakseptabelt (både av omsyn til det visuelle og av omsyn til fugl) og heilt unødvendig! Her må det finnast andre løysingar med heil/delvis kabling! Vi kjenner ikkje tilhøva på staden så godt at vi kan vere heilt konkrete, men ei mogeleg løysing kan vere å legge lina i kabel vestover i/langs vegen, og krysse elva under brua mellom Selstad på sørsida og Lidal på nordsida av elva. Etter kryssinga av elva bør lina leggjast i kabel heile strekninga opp til den eksisterande lina nordvest for Lia. Subsidiært kan lina leggjast i kabel til den er komen på oppsida av vegen til Lia og så gå vidare som luftline derifrå. Eit anna mogeleg alternativ er å legge lina i kabel heilt ned til Sande sentrum, viss det der skulle vere ein høveleg stad å kople seg inn på. Dette er spørsmål som netteigaren må vurdere. Vi ber NVE krevje at Gularvassdraget ikkje skal kryssast med luftline, og at det vert funne andre løysingar med helst heil, eventuelt delvis kabling!*

Kjøremønster og drift av kraftverket: *Det gleder oss at det ikkje er planar om effektkøyring, det er viktig og positivt! Vi ber NVE ta forbod mot dette inn i konsesjonsvilkåra, slik at det ikkje skal kunne oppstå tvil om dette om 10 – 20 – 30 år!*

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

3.4 Biologisk mangfald og verneinteresser: Som det er gjort greie for i konsesjonssøknaden, er det konflikstar. Vi går ut frå at Fylkesmannen og NVE nyttar sin fagkompetanse til å vurdere storleiken på desse konfliktane, og konsekvensane av dei.

3.5 Fisk og ferskvassbiologi og 3.7 Landskap: Vi synest det ser problematisk ut at opptil omlag 48% av vassføringa skal forsvinne i elva nedstrøms kraftstasjonen viss det blir bråstopp. Og det blir det av og til. Då spørst det om ein ikkje bør ha omløpsventil i kraftstasjonen. Vi synest også det er uheldig at det ved låge vassføringar skal forsvinne opptil 48% av vassføringa i Fossfossen. Vårt syn er at den maksimale vassføringsreduksjonen både i fossen og i elva nedstrøms kraftstasjonen, ikkje bør overstige 30%. Det betyr i så fall at minstevassføringa må aukast til omlag 8,5 m³/sek. Dette er 18,4% av gjennomsnittsvassføringa i elva, og så pass bør det vere i ei verna elv! Vi presiserer at dette er "synsing" frå vår side, der vi tenkjer både på fisken og landskapet. Vi håpar/ber om at NVE og Fylkesmannen nyttar sin fagkunnskap til å vurdere spørsmålet grundig. Kanskje bør minstevassføringa vere enda høgare?

4. Avbøtande tiltak: Vi er positive til dei tiltaka som er omtala i konsesjonssøknaden. I tillegg ber vi om at det vert vurdert enda meir omfattande støydemping av kraftstasjonen. Dette kan NVE "alt" om! Dessutan er heil/delvis kabling av kraftlina viktig!

Minstevassføring: Vi har alt skissert og grovt grunngitt ei minstevassføring på 8,5 m³/sek - eller meir. Dette ber vi NVE og Fylkesmannen vurdere! Ettersom vassføringa i elva vanlegvis er mykje større enn det vi har skissert, vil ikkje produksjonstapet bli så svært stort, men dette har NVE mykje betre kompetanse til å rekne på enn det vi har. Og utbygginga vil bli lønsam uansett!

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Vurdert ut frå våre friluftssinteresser, finn vi ikkje at vi har godt nok sakleg grunnlag til å gå mot denne utbygginga under føresetnad av at kraftlina vert heilt/delvis kabla og minstevassføringa vert auka. Men vi synest det er problematisk med ei så pass stor utbygging i eit verna vassdrag. Vi vil derfor ha stor forståing for det om andre høyringsinstansar går heilt mot utbygging. Vi ber NVE om å vurdere nøye om det i det heile skal bli gitt konsesjon!"

Statens vegvesen region vest har i brev datert 27.10.2008 uttalt:

"Statens vegvesen har gått gjennom søknaden og har ikkje merknader til etablering av Hauken / Selstad kraftverk. Vi minner om at alle nærføringar og kryssingar av offentleg veg med kabel/leidning, avkøyrslø eller dispensasjon frå byggegrense skal søkast om på vanleg måte.

Medfører etablering av kraftverket endra vassføring i vassdrag der det finst konstruksjonar (bruer, fundament m.m.), som er knytt til fylkes- eller riksvegar, må det planleggast og utførast tiltak som sikrar desse konstruksjonane ved endra vassføring."

Informasjonskomiteen for Gaularvassdraget har i brev datert 2.12.2008 uttalt:

"Vi har fylgt verneplanarbeidet heilt frå starten av, spesielt i samband med striden omkring Gaularvassdraget som varde i 20 år og enda med at vassdraget vart verna i Verneplan IV i 1993.

Nabovassdraga Jølstra og Gaula vart vurdert opp mot kvarandre heilt frå Verneplan II i 1972 – 73. Først kom Jølstra med i Verneplan II, men vart seinare teken ut. Gaula vart derimot verna. I valet av verneobjekt vart det sterkt argumentert med at Gaula var urørd av kraftutbygging,

medan det i Jølstra fanst nokre mindre kraftverk. Gaula har status som det beste referansevassdraget på Vestlandet.

Seinare har presset for å byggje mikro- og minikraftverk auka kraftig i Gaularvassdraget, og det er bygt ei rekkje verk både i hovudvassdraget og sideelvane. Held denne utviklinga fram, kan ein fort komme i den stoda at vi sit att med 2 vassdrag med kraftverk og ingen referansevassdrag.

Dersom ein i framtida ynskjer verkeleg vern av vassdrag, må ein også ta omsyn til dette ved utforminga av regelverket. Det er lite konsekvent fyrst å verne eit vassdrag for deretter å gje løyve til ei rekkje kraftverk med tilhøyrande vegar, linjer og trafoar.

Det omsøkte prosjektet i Fossfossen er eit stort inngrep som minner om tradisjonell kraftutbygging med fjelltunnel med stor slukeevne. Dette vil påverke naturleg vasstand i vatnet og vassføringa i fossen. Opphavleg vart konsesjonspliktige prosjekt avviste i verna vassdrag.

Fossfossen er spesiell med sitt tronge utlaup og redusert vassføring vil verte godt synleg, spesielt ved låg vassføring. I fylgje dei framlagde planane vil alminneleg lågvassføring, 7,9 m³/sek, verte halvert. Fossen er svært godt synleg frå vegen og er mykje brukt i presentasjonar av Gaular og Sunnfjord.

Det har tidlegare vore planar om utviding av fosselaupet i samband med senkingsarbeid. Dette vart avvist grunna fossen sin spesielle karakter.

Vegen som er omtala i søknaden, er ikkje bygd. Vi reknar med at dette mest er ein trasè for nedgraving av røyrgate. I det bratte terrenget som er på staden, vert dette eit betydeleg inngrep, godt synleg frå riksvegen.

Eit Gaularvassdrag varig verna mot kraftutbygging har etter kvart blitt ein ressurs og eit aktivum for regionen som no ikkje må øydeleggjast meir. Riksveg 13 frå Dragsvik over Gaularfjellet og Rørvikfjellet til Moskog skal bli Nasjonal turistveg. Det er mykje på grunn av det urørde vassdraget med unik fossenatur. Verna vassdrag og fossevandring er tema for turistvegen.

Reisemål Sunnfjord (Kommunane Gaular, Førde, Jølster og Naustdal) presenterer seg som Fosseheimen i arbeidet med å få turistar hit.

Gaularvassdraget er utpeikt som nasjonalt laksevassdrag, og Dalsfjorden er nasjonal laksefjord. Det skulle tilsei at det verna Gaularvassdraget bør få svært strenge restriksjonar på alle dei inngrepa som er åtvare mot i "Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag", gjevne ved kongeleg resolusjon av 10. november 1994.

I OED si tilråding til Verneplan IV heiter det i St.prp. 118. 91/92: Olje og Energidepartementet er klar over de betydelige verneverdier som knytter seg til Gaularvassdraget. På den annen side rommer vassdraget også store og billige utnyttbare kraftressurser. En helhetlig vurdering både for fylke og på landsbasis tilrår departementet at Gaularvassdraget tas med i verneplanen.

Vi ber om at søknaden vert avvist."

Oliv Selstad Ottesen uttaler i brev datert 27.10.2008 følgende:

" Underskrivne er eigar av gnr. 71 bnr. 6, 10 og 11 og har delt fallrett (3,40 %) på ein del av strekninga konsesjonssøknaden omfattar.

- 1. Vi har blitt villeia til å gje godkjenning til kraftutbygging på eit anna utbyggingsalternativ enn det som det er søkt konsesjon for. Vårt samtykkje til småkraftverket til Hauken/Selstad Kraft AS er dermed ikkje gjeldande.*
- 2. Gaular kommune si godkjenning til bygging av skogsveg like inntil det verna vassdraget med det naturinngrepet det vil føre til. Vi ser skogsvegen som ein del av kraftutbyggingsprosjektet.*

Vi er svært glade i elva Gaula som renn langsmed eigedomen vår, og den urørde naturen på andre sida av elva. Vi har rydda kratt og skog slik at vi og vegfarande kan sjå meir til det flotte vassdraget. Vi er tilhengarar av "Vern om Gaula" og er glade for at vassdraget er varig verna. Vi er av den formeininga at vernet ikkje berre gjeld det rennande vatnet, men og i stor grad det urørde terrenget nærast elva som vil vere ein viktig del av naturlandskapet og naturopplevinga.

Med vår innstilling til vern om Gaula, er det heilt utenkeleg at vi ville gje vårt samtykkje til kraftutbygging dersom det førte til graving i den urørde naturen langs det verna vassdraget. Dette gjorde vi og kjent for kraftutbyggjaren i den samtalen vi hadde i heimen vår. No trur vi at det kan vere årsaka til at vi ikkje vart informert om skogsvegen, og at det kunne bli aktuelt å leggje vassrør i den. Vi vart derimot forsikra om at vi ikkje ville sjå noko til kraftutbygginga då det skulle kjerneborast på heile strekninga frå kraftstasjonen på Selstad til inntaket på Hauken. Kraftutbyggjaren sa og at dersom kjerneboringa vart for kostesam, ville det ikkje bli noko av heile kraftutbygginga.

Med denne informasjonen ga eg noko motvillig mitt samtykkje til kraftutbygginga og skreiv under på det skrivet kraftutbyggjaren bar med seg, og som alle dei andre med fallrett hadde skrive under på. Vi var heilt ukjent med kraftutbyggingsprosjektet til vi fekk besøket i heimen vår. I ettertid stussar vi på kvifor det ikkje vart kalla inn til eit felles møte for alle med fallrett på strekninga slik at vi kunne fått lik informasjon. No føler vi oss lurt og "bondefanga".

Med visning til at vi ikkje fekk den heile og rette informasjon om kraftutbyggingsprosjektet, vil eg ikkje stå ved den godkjenninga eg ga. Om nødvendig vil eg gå rettens veg for å få den erklært ugyldig.

Når det gjeld skogsvegen, var den ukjent for oss til vi tilfeldig vinteren 2005 fekk høyre om skogsvegplanen, og at det skulle leggjast rør i denne vegen fram til Gjelet. Vi tok då umiddelbart kontakt med Miljøvernavdelinga til Fylkesmannen som stadfesta søknaden, og at dei ikkje hadde merknader til røyrtraseen då den skulle gravast ned i skogsvegen. I telefonsamtalen med Miljøvernavdelinga høyrdes det ut som om sakshandsamaren trudde det var ein skogsveg på strekninga? Dei hadde ikkje vore på synfaring! Vi tok då kontakt med NVE her i Førde som kunne fortelje at dei ikkje hadde noko med skogsvegar å gjere. Det var kommunen sitt ansvar. Vi sende då brev til NVE i Førde, dagsett 16.02.05, med kopi til Gaular kommune og Hauken/Selstad Kraft AS, der vi gjorde greie for vårt syn på skogsvegen og framgangsmåten for å få prosjektet godkjent.

Vi sit att med det inntrykket at å søkje om å grave grøft for rør til småkraftverk i eit verna vassdrag, kan vere vanskeleg å få godkjent hos NVE. Men å søkje om å byggje ein skogsveg i det same området går greitt då dette vert handsama og godkjent i kommunen. Kommunen har ei langt mindre restriktiv haldning til inngrep i naturen. Denne framgangsmåten ser ut til å vere

nytta ved søknaden til Hauken/Selstad Kraft AS. Og det har tydelegvis ført fram - så langt. Miljøvernavegdelinga til Fylkesmannen har ikkje nokon innvendingar til vassrør i skogsvegen. Og Gaular kommune har godkjent bygging av skogsvegen.

Men skogsvegen, godkjent i 2003, er enno ikkje bygd, og vil neppe bli det heller før konsesjon til kraftutbygging føreligg. Søknad om utsetting av vegbygginga til desember 2009 er kanskje eit prov på det.

Vi ser skogsvegen som ein konsekvens av kraftutbygginga, og meiner at godkjenning av denne må gjerast i konsesjonshandsaminga. Vi klagar difor på Gaular kommune si avgjerd i denne saka. Etter vårt skjønn må Fylkesmannen og NVE sjå nærare på godkjenningsprosedyren for skogsvegar inntil verna vassdrag. Skal det vere kontroll over terrenginngrep ved verna vassdrag, må det også gjelde for skogsvegar.

Vi vonar at det vert gjort synfaring og ei totalvurdering av korleis elvelandskapet er no, og korleis det vil bli med ein landbruksveg (klasse 7) i det noko brattlende terrenget ned mot elva. Etter vårt skjønn, må det bli både skjemmaende skjeringar og stein/jordfyllingar. Dette vil endre det urørde naturlandskapet som er ein viktig del av heilskapen i naturopplevinga av det verna Gaularvassdraget. Ikkje berre for oss, men og for turistar og alle andre vegfarande på vegstrekninga over eignedomen vår."

Søkers kommentar til høringsuttalelsene

Søker har i brev av 24.3.2009 kommentert de innkomne høringsuttalelsene slik:

" Vi viser til brev der NVE bed om å få kommentarar på dei innkomne høyringsfråsegnene i samband med Hauken/Selstad kraftverk.

Sunnfjord Energi as, ved Småkraftgruppa er konsulent for søkjaren Hauken / Selstad kraft as, og desse uttalane er gjort på vegne av dette selskapet.

Vi har no gått igjennom dei innkomne fråsegnene og har følgjande kommentarar:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

- Landskap og friluftsliv:

Den omtala Fossestien i Gaular ligg oppstrøms Viksvatnet i vassdragsgreina som kjem frå Gaularfjellet. Stien sluttar ca 18 km ovanfor det omsøkte tiltaket.

Fossfossen er godt synleg frå vegen og eit viktig element i landskapsbilde. Det beskjedne uttaket av vatn (8,5 % av middelvassføringa) vil etter søkjar si meining ha svært liten innverknad på det vassdekte arealet i fossen, og dermed også på utsjånaden på fossen. Vi har sett i gang med å ta bilete av fossen på ulike vassføringar for å visualisere dette. Det er søkt om ei maksimal slukeevne på 3,67 m³/s, noko som gir ei minimum slukeevne på rundt 0,7 m³/s avhengig av design på turbina. Med 4 m³/s som minstevassføring for kraftverket vil elva renne som før dei 22 dagane i året i gjennomsnitt då vassføringa er normalt mindre enn 4 m³/s og kraftverket står. Kraftverket vil så gradvis kunne begynne å kjøre etter kvart som vassføringa i elva aukar opptil 7,67 m³/s då kraftverket når si maksimale slukeevne på 3,67 m³/s.

Vassføringa er større enn maksimal slukeevne + minstevassføring i 310 dagar (85% av dagane i året i gjennomsnitt). Vi står då att med 33 dagar i gjennomsnitt der vassføringa blir direkte påverka kjøringa av maskina mellom 3,7 m³/s til 0,7 m³/s. Då maskina må ha minimum 0,7 m³/s før ho kan starte blir i praksis grensa for start av

kraftverket 4,7 m³/s. Desse låge vassføringane opptrer vanlegvis frå midten av februar til midten av mars.

Rådgivande biologar as har i sin rapport påpeikt at det vassdekte arealet i elva mellom fossen og kraftverket er stort allereie ved 4 m³/s. Dette saman med at elva normalt kan gå under 4 m³/s i 22 dagar i året i gjennomsnitt, og har gjort det i 70 av dei siste 105 åra, gjer at vi meiner at minstevassføringa ligg på eit fornuftig nivå med omsyn til fisk og biologisk mangfald.

I høve til det visuelle bilete av fossen er utløpet av vatnet veldig trongt i høve til den normalt store vassføringa, noko som gir ein stor vannstandsauke i Haukevatnet som svingar med rundt 4 m ettersom vassføringa varierar gjennom året. Den øvste delen av fossen vil difor framstå relativt lik på ulike vassføringar. I dei lågare delane av fossen breier fossen seg ut i vifteform. Kanten på toppen av denne vifta synest å ha relativ lik høgde, noko som gir eit stort vassdekt areal allereie ved små vassføringar. Vi trur derfor at om ein reduserar vassføringa frå 7,7 m³/s til 4 m³/s vil ein få ei liten reduksjon både i vassdekt areal i fossen og i elva elles. Det er på dette nivået ein i prosent tek ut mest vatn i høve til vassføringa. Vassføringa er større enn 20 m³/s i 64 % av dagane i året (medio april til desember) og uttaket av produksjonsvatn vil ikkje gi endring i landskapsbilete i denne perioden.

(..)

Ein auke i minstevassføringa til 5 m³/s (Vinter 5 persentil) vil redusere produksjonen frå 8,3 til 8.1 GWh, og ein auke til 8.5 m³/s vil redusere produksjonen til 7.5 GWh. Ved 8,5 m³/s som minstevassføring kan ein auke slukeevna i kraftverket til 9.8 % av middelvassføringa og på den måten få att den tapte produksjonen. Effekten av kraftverket vil då bli 1150 kW. Då vil ein nytte 7,8 % av tilgjengelig vatn i kraftproduksjonen, medan i det omsøkte alternativet nyttar 6,9 %.

(..)

Inntaket må designast slik at det fungerer under dei store naturlege svingingane i Haukevatnet på rundt 4 m. Rørdiameteren er på 1,4 m og må vere tilstrekkelig dykka til at ein ikkje sug inn luft og rusk i røyr gata. Vi ser for oss eit lukehus som ligg over høgste flaumvasstand i Haukevatnet med anten ein kanal eller røyr vidare ut i vatnet. Dersom ein brukar røyr mellom lukehus og vatn kan ein fylle tilbake massar mellom lukehuset og vatnet slik at strandsona blir som før. Dersom ein vel kanal mellom lukehuset og vatnet vil ein få varige endringar i strandsona då vatnet vil stå i kanalen innover mot lukehuset. Dette er normalt detaljar som blir fastlagde i detaljplanen dersom konsesjon blir gjeve. På noverande tidspunkt har vi ikkje klare teikningar som viser korleis dette skal løysast. Dersom det er ønskjeleg, kan vi produsere detaljplanar for denne løysinga allereie no.

Fylkesmannen uttalar at reguleringa av kraftverket mot minstevassføring må fungere automatisk, men ikkje elektronisk? Slepping av minstevassføringa skjer i det naturlege utløpet av Haukevatnet gjennom Fossfossen. Ein må då måle opp ei vassførings kurve for Fossfossen. På ein gitt vannstand i Haukevatnet vil ein nå grensa for at vassføringa er større en minstevassføringa, og vi kan byrje å kjøre kraftverket. Dette må skje ved at ein elektronisk måler vannstanden i vatnet, og reguleringa av kraftverket må skje ved PLS styring av turbinen. Når ein under drift har minkande tilsig og vannstanden i vatnet søkk ned til nivået som gir grensa for minstevassføringa vil kraftverket automatisk

stoppe. Krava til måling og dokumentasjon på at kraftverket oppfyller krava til minstevassføring er dei same om inntaket er i vatn eller i ei elv. Det er ikkje meir krevjande å halde oversikt over vassutaket om inntaket ligg i vatnet. For Hauken / Selstad kraftverk vil det både landsskapsmessig og miljømessig vere klart beste løysing at inntaket ligg i vatnet og ikkje i fossen.

Røyrgate traseen frå kraftverket og fram til tunellen for ligg relativt flatt i terrenget framover mot påslaget til tunellen. På det nærmaste vil vegen/røyrgata vere rundt 15 m frå elvebredda. Vi ser for oss at skogen mellom elvebredda og vegen/røyrgata blir ståande. Anleggsteknisk er det ikkje vanskeleg å hindre at massar rasar ut i elva, og vi har heile tida hatt som intensjon at elvebredda og kantsona ikkje skal røy rast under anleggstida. Ved påslaget er vi ca 35 m frå elvebredda og har god plass til anleggsarbeidet. Også her kan skogen mellom elva og påslaget bli ståande slik at det skjuler inngrepet. Dersom tunellen blir utført med fullprofil boring vil tunellmassane bestå av finkorna steinmassar som blir vaska ut med vatn. Det vil då bli etablert sedimentasjonsbasseng for massane og vatnet. Vatnet blir resirkulert og nytta om igjen til boringa, og det vil ikkje bli utslepp til elva. Finmassane kan nyttast til omfylling av røra eller i vegbana. Overskotsmassar blir kjørt vekk. Dersom det blir konvensjonell boring/ sprenging vil tunellmassane bli brukt i vegbana medan resten blir kjørt vekk.

Vi har endra planane for utføringa av krafta etter uttalane frå Gaular kommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Alternativ 1 er no jordkabel vestover over dyrkamark på Selstad og kryssing av Gaula via den eksisterande brua og vidare opp til kraftlinja som går på nordsida av RV 610. Dette gir 770 m med kabel. Alternativ 2 er å gå austover over Kleivane og knytte seg til linja som går til Hauken. Dette gir 850 m med kabel. Sjå vedlagte kart.

- *Naturmiljø, biologisk mangfald, verneplanar og INON.*

Fylkesmannen omtalar ein rapport frå DN sin naturbase om ein bekkekløft lokalitet som ligg mellom påhugget til tunellen og Fossfossen. Denne vart under tvil satt til "Svært viktig" av den personen som utførte befaringa den 23.09.2002. (BN00017860, Gaula nedenfor Haukevatnet). Vi snakkar ikkje her om ei bekkekløft, men om elvebredda på ei elv som har 505 km² nedslagsfelt og ei middelvassføring på 43 m³/s. Anleggsarbeidet er ikkje i konflikt med denne lokaliteten og uttaket av 7,6 % av vatnet som i gjennomsnitt passerar denne 350 m lange strekninga kan umulig ha negative konsekvensar for lav og mose.

(...)

I all hovudsak er det planta gran som utgjør vegetasjonen i tiltaksområde. Denne er hogstmoden og det er søkt om, og gitt løyve til, bygging av skogsbilveg for å ta ut denne skogen.

(..)

Haukevatnet si rolle som våtmarksområde blir ikkje endra då vannstandsvariasjonane blir som før. Kraftverket kjører på tilsig og nyttar ikkje Haukenvatnet som reguleringsmagasin.

- *Fisk og Fiske.*

Uttaket av vatn er planlagt på grunnlag av råd frå biologane, og vil ikkje endre den naturlege vannstandsvariasjonen, vassstemperatur, vasskvalitet eller vandringsforhold.

Uttaket av vatn er så lite at det vil gi marginale endringar i vassdekt areal. Det er verdt å merkje seg at Norges Jeger og Fiskeforbund, Sogn og Fjordane, ikkje leverte høyringsuttale til denne saka. Sjå også vedlagte brev frå Svein Arne Forfod som er ein kapasitet på fiske i Sogn og Fjordane generelt og Gaula spesielt. Han har fiska i elva i 30 år.

Det vart gitt løyve til bygging av kraftverk på den aktuelle strekninga i 1998 med eit uttak på 6 m³/s. Den gongen hadde Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ingen store innvendingar.

Det planlagde kraftverket er eigd av grunneigarane til elva. Desse er levande opptatt av at fiske ikkje skal bli påverka av den planlagde utbygginga. Jordbruk, fiske og kraftproduksjon vil verte berehjelpkane for desse grunneigarane i tida framover og vil vere med på å sikre busetnaden og eit levedyktig lokalsamfunn. Fleira av eigarane er aktive i elveeigarlaget og har gjennom sjølvpålagte restriksjonar og no "Catch and Release" fiske vore med på å halde bestanden av laks oppe. Desse sjølvpålagde restriksjonane er eit resultat av samarbeid og anbefalingar med NINA.

Det er ikkje tatt opp profilar nedstrøms kraftverket, men ein har befart elva ved ulike vassføringar og vurdert det vassdekte arealet. Vassføringa er henta frå NVE sin målestasjon i Viksvatnet. Det er lite fall mellom Selstad og Sande, og vi har vurdert det slik at eit utfall av kraftverket vil gi liten reduksjon i det vassdekte arealet nedstrøms kraftverket. I søknaden er det tatt med eit alternativ med omløpsventil på ca 50 % av driftvassføringa som kan opne umiddelbart ved utfall av kraftverket. Eit utfall i perioden mai til november vil ha minimal effekt på vassdekt areal då vassføringa er høg i denne perioden (> 40 m³/s). I lågvassperiodane, spesielt i mars – april vil eit utfall i kraftverket utgjere ein større del av vassføringa, og vil gi noko reduksjon i vassdekt areal nedstrøms kraftverket. Det vil ta noko tid før vassføringa kjem opp att på nivået før utfallet då vatnet må renne 1200m i elva før det kjem til kraftverket. Vi har vurdert det slik at dette er på ei tid då konsekvensane for fiske er små (før klekking).

Det er stor skilnad på botn og gyteforhold mellom Fossfossen og Sande. Strekninga Selstad – Fossfossen har svært lite gyting i høve til strekninga Selstad – Sande, då denne strekninga har mykje større vassfart og lite gytesubstrat. Gyteperioden er uansett ikkje noko problem då vassføringa i Oktober / November normalt ligg mellom 40 – 60 m³/s.

Som føre var tiltak vil vi likevel planlegge med omløpsventil som slepp 1,8 m³/s umiddelbart ved utfall av kraftverket. Kraftverket vil ved planlagde start og stopp bruke lang tid på reguleringa for å få mjuke overgangar. Kraftverket vil falle ut brått dersom nettet fell ut, eller ved kritiske feil i kraftverket. Kraftverket blir ikkje effektkjørt.

(..)

Konklusjon i høve til Fylkesmannen si vurdering av saka:

- Tiltaket er etter vår meining ikkje konfliktfylt i høve til landskapet. Inntakinget til kraftverket ligg 220 m frå fossen, og den reduserte vassføringa i fossen vil knapt kunne merkast.*
- Vi har gått igjennom bakgrunnen for vassdragsvernet. Gaular vassdraget som referansevassdrag er knytt til dei lange måleseriane av ferskvassfauna og vasskjemi, samt ei rekkje naturfaglege lokalitetar. Dette vil ikkje bli endra sjølv om Hauken / Selstad kraftverk blir bygd. Dei andre referanseverdiane er knytt til det urørde*

landskapet lenger oppe i vassdraget, eller høgre oppe i dalsidene. Selstad ligg 1,5 km frå kommunesenteret og tiltaksområdet er sterk prega av jordbruk, plantefelt for gran, fylkesvegen og kraftlinjene som går oppetter dalen. Sjå vedlegg 1.

- Tiltaket er ikkje i konflikt med naturverdiar som bekkekløfilokaliteten og vil heller ikkje påverke denne ved redusert vassføring.
- Tiltaket er etter vår vurdering ikkje konfliktfylt i høve til fiske. Både Rådgivande biologar as og lokale kapasitetar underbygger dette. Grunneigarane, som både er fallrettseigarar og har fiskerettane, er interesserte i at fiske skal oppretthaldast.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane var positiv til eit større planlagt tiltak i Fossfossen i 1998, men er negativ i dag. Dei argumenterar med at det er bygd mange kraftverk i Gaular den siste tida, og at grensa no er nådd. Denne saka har versert i 6 år med stadige nye krav til utgreiingar. Ein har gått via konsesjonsplikt vurdering til konsesjonssøknad. At det i mellomtida er gitt løyve til andre kraftverk i Gaularvassdraget som også har minimale landskaps og miljøverknader bør ikkje vere til hinder for at ein kan bygge kraftverk i Hauken – Selstad.
- I Gaularvassdraget var det planar for kraftutbygging av 1043 GWh då det vart verna. Det er bygd 13 kraftverk i vassdraget i dag, av desse er 7 i Haukedalen, og to i hovudelva frå Haukedalen (Vallestadfossen og Viken.) Fem av kraftverka er under 100 kW, fem er mellom 100 og 300 kW, og tre er mellom 300 og 1000 kW. Samla installert effekt er 2800 kW. Dersom vi reknar full effekt heile året i 8760 timar er samla produksjon 24 GWh. Ein har då nytta 2 % av dette potensialet. Mellom innløpet til Viksdalsvatnet og Sande er det i dag fire kraftverk. Norvald Hestad (32 kW), Karsten Hestad (87 kW), Kanalen (10 kW) og Vågen kraftverk (380 kW). Vi kan på ingen måte vere einige i at summen av desse påverkar vassdraget sin type og referanseverdi (jfr. vedlegg 1)
- Vi kan vurdere auka minstevassføring, men dersom denne blir høgare enn 6 m³/s bør ein vurdere om ein kan auke slukeevna i kraftverket noko slik at ein kan kompensere for tapt produksjon og dermed sikre lønsemda i prosjektet. Ein vil då ta ut noko meir vatn, men berre når det er stor vassføring i elva. Dette vil auke effekten over 1000 kW grensa.

Informasjonskomiteen for Gaularvassdraget.

Informasjonskomiteen for Gaularvassdraget meiner at dette minner om tradisjonell kraftutbygging med tunellar og stor slukeevne. Stor slukeevne i samband med tradisjonell kraftutbygging vil ligge på rundt 200 %. Det er difor usakelig å hevde at ei slukeevne på 8,5 % kan samanliknast med tradisjonell kraftbygging. Tunellen er eit miljøtiltak for å sleppe å bygge inntak direkte i Fossfossen, noko som ville vere eit mykje større landskapsmessig inngrep.

Påstanden om at alminneleg lågvassføring blir halvert er direkte feil. Alminneleg lågvassføring er berekna til 3,99 m³/s i søknaden (1964-2003) og til 3,47 av NVE sin E-tabell for perioden 1902 – 2008.

Sogn og Fjordane Turlag.

Forslaget til Sogn og Fjordane turlag om å auke minstevassføringa til 8,5 m³/s er basert på synsing, og ikkje observasjonar av elva på ulike vassføringar.

Statens Vegvesen.

Tiltaket medfører ingen endring i vassføring for bruer etc. nedstrøms kraftverket. Ei framføring av strøm via kabel vil krysse Rv 610 og vi vil søke om løyve til dette om konsesjon vert gjeve.

Gaular kommune.

Godkjenning av detaljplanar og miljøplan i samband med bygging av kraftverket har normalt vorte behandla av NVE og ikkje som byggesak i kommunen. Gaular kommune krev byggesaksbehandling og formell godkjenning av fleire av tiltaka i samband med bygging av kraftverket. Dette gjeld også inntaket og kraftverksbygningen. Vi har intensjonar om å bygge eit miljømessig godt anlegg med eit godt tilpassa kraftverksbygg. Det spelar ingen rolle for oss om både NVE og Gaular kommune skal godkjenne desse planane dersom det kan skje parallelt slik at den totale tidsbruken blir fornuftig.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Fylkeskommunen tilrår at konsesjon blir gitt med kommentarar om at straumen bør førast ut i kabel.

Planane er endra, og straumen blir før ut i kabel, anten via brua til Selstad eller til linja i Hukevatnet."

Merknader etter NVEs befarings

Sogn og Fjordane Turlag har uttalt følgende i e-post datert 20.9.2009:

"Etter NVE si sluttsynfaring 16.09.2009 har vi nokre tilleggskommentarar:

For å ta det positive først:

- Inntaksområdet ser ut til å vere godt skjerma for innsyn, og for oss ser ikkje dette ut til å vere eit "problemområde".*
- Det er positivt at kraftlina skal leggjast i kabel fram til eksisterande nett.*
- Det er positivt at boretunnel skal nyttast og at steinmassane frå boringa skal køyrast bort.*

Problemområde som vi ikkje har vore godt nok merksame på tidlegare:

Synfaringa viste at røyrgatetraseen mellom enden av den planlagde boretunnelen og kraftstasjonen er mykje meir problematisk enn vi tidlegare hadde rekna med, fordi skråninga ned mot elva der røyrgata skal gravast ned, er så pass bratt. Vi må ta sjølvkritikk på at vi gjorde for dårleg jobb då vi skreiv den første fråsegna vår! Ei svært enkel tilleggssynfaring vi hadde 19.9.2009, viste at særleg den siste delen av røyrgatetraseen ned mot kraftstasjonen vil bli svært godt synleg frå vegen på motsett side av elva. (Dette er også ein turistveg.) Men heile røyrgatetraseen er problematisk.

Under synfaringa opplyste utbyggerane sin konsulent at røyrgatetraseen i anleggsperioden normalt vil krevje ei breidde på 15 m. Dette tilsvarar omlag asfaltbreidda på 2 (riks)vegar med gul midtstripe ved sida av kvarandre. I det sidebratte terrenget langs elva vil dette bli eit svært omfattande inngrep!

Det vart også opplyst at arbeidsbreidda kan reduserast til omlag det halve gjennom bruk av ein meir krevjande arbeidsmetode der røyra, så vidt vi oppfatta det, vert lagde ned og overdekka etter kvart som arbeidet oppover langs elva går framover, og der anleggsvegen vert liggande oppå røyrgata. Men sjølv denne, sikkert dyrare, arbeidsmåten vil gje store inngrep, og vi reknar med at det må sprengast ganske mykje oppover langs elva. Viss ein lukkast i å sette att ein del

skog mellom elva og røyrgata (noko som kan bli vanskeleg med mykje sprenging), kan dette til ei viss grad skjerme for inngrepa, men både hovudsynfaringa 16.9 og minisynfaringa vår 19.9 indikerte at inngrepa likevel vil bli svært godt synlege, truleg i mange år framover.

Viss NVE ønskjer å gje konsesjon til utbygginga, ber vi om at NVE sterkt vurderer å krevje boretunnel på heile, eller så og seie heile, strekninga fram til kraftstasjonen. Det vil redusere inngrepa langs elva mykje, og vil vere den klårt beste utbyggingsløysinga.

Viss NVE skulle ønskje å gje konsesjon for nedgraving av røyrgate på delar av strekninga langs elva, ber vi om at NVE krev:

- *At anleggsbreidda vert så smal som mogeleg.*
- *At arbeidet vert utført slik at den eksisterande skogen langselvebreidda skal bli ståande mest mogeleg uskada for å skjerme for innsyn.*
- *At anleggsvegen vert omgjort til "køyresterkt terreng" etter at utbygginga er ferdig, slik at vegen etter kvart kan bli grøn, og dermed mindre synleg. (Den vert likevel ein god skogsveg/traktorveg.)*

Ettersom friluftinteressene våre i området ikkje er så store, held vi under tvil fast på det vi skreiv i "Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:" i fråsegna vår av 17.12.2008. Men vi ønskjer å ta med ein tilleggsføresetnad om at inngrepa langs elva vert så små som mogeleg, og at det bør vere boretunnel på mest mogeleg av strekninga. Og så vil vi akseptere det som til slutt blir NVE si totalvurdering av alle sider av argumentasjonen for og mot utbygging."

Informasjonskomiteen for Gaularvassdraget har uttalt følgende i brev datert 5.10.2009:

"Vasstand/Vassføring

Ved synfaringa vart det sagt at vasstanden i Haukevatnet ikkje vert endra ved utbygginga. Dette er ikkje tilfelle. Vasstanden i vatnet vil til ei kvar tid få redusert høgd i høve til naturleg vassføring tilsvarende 3,7 kbm/sek som forsvinn gjennom krafttunnellen. Redusert vasshøgd fører så til at det til ei kvar tid renn 3,7 kbm/sek mindre vatn fossen og elva ned til stasjonen. Ca. 2 km av Gaularvassdraget vert såleis påverka ved ei evt. utbygging her.

Inntak i Haukevatnet

Området der inntaket er planlagt er sers langgrunt. Botnen er lause massar med til dels stort innhald av organisk materiale (gjørme).

På synfaringa vart det sagt at kraftverket vil nytte same djupålen som Sande Vassverk i si tid nytta. For å fylle eit etter måten lite røyr (150 — 200 mm) med reint vatn, måtte vassverket meir enn hundre meter ut frå land for å få nok djupne.

For kraftverket er det snakk om ein dimensjon på 1400 mm. Dette er det sparsamt med opplysningar om, både i søknaden og elles. Konsekvensane med graving/mudring og plastring må verte mykje meir omfattande enn det som er kome fram til no.

Verknadane av eit sugerøyr langt ute i vatnet er ikkje vurdert med omsyn til islegging o. l.

Anleggsvegen

I det sers bratte terrenget vil ein anleggsveg / trase for røyrgate verte ei veldig sår i terrenget. Vi minner om at vernet av vassdraget gjeld i eit 100 m belte frå elva. Så vidt vi kan sjå har Gaular kommune ikkje handsama omdisponeringa av arealet i samsvar med regelverket.

Gaular har til liks med Førde og Balestrand kommunar fått 10 mill kr kvar som kompensasjon for vernet av vassdraget.

Endringar i naturen

Under synfaringa vart det hevda at naturen etter kvart vil tilpasse seg dei endringane som inngrepet i vassdraget fører med seg, om utbygginga vert gjennomført. Vi vil hevde at Gaularvassdraget vart verna mot kraftutbygging etter sine opphavslege kvalitetar og ikkje som eit forsøksprosjekt for kor mykje kraftutbygging vassdraget kan tole.

Under verneprosessen vart det sterkt streka under at ein måtte vere på vakt mot inngrep som endra status / vernekvalitet i vassdraget.

Bit for bit utbygging

Etter at Gaularvassdraget vart verna for 16 år sidan, har det i snitt vore gjeve løyve til bygging av eitt kraftverk i året.

Forvaltinga hittil kan best samanfatast i ordtaket "Dreg du den så dreg du den". Bit for bit handsaminga har ført til at i dag er fleire km med foss / elv påverka av kraftverk. Ved evt. bygging av Hauken / Selstad vil 2 nye km kome til.

Vi meiner at nok er nok.

Konklusjon

Fossfossen er på mange vis eit symbol for verneverdiane i Gaularvassdraget. Gong på gong har det vore laga planar for inngrep i fossen, like mange gonger har inngrepa vorte avviste. Vi tykkjer difor det no nærmar seg det utidige når det nok ein gong vert henta fram att planar som vil svekke vassdraget sin verneverdi. Vi må nok ein gong be om at søknaden for Hauken / Selstad Kraft NS vert avvist.

Viser elles til uttalen vår av 02.12.08."

Informasjonskomiteen for Gaularvassdraget v/ Johan Rørvik har sendt fotodokumentasjon og uttalt følgende i brev datert 3.12.2009:

"Viser til merknad etter syfaring 16.09.09, datert 05.10.09, punkt 2:

Inntak i Haukevatnet

Ein tidlegare kommuneingeniør i Gaular har teke vedlagde bilete frå det planlagde inntaksområdet ved låg vasstand. Han meiner at ein må minst 150 m frå pumpehuset og ut i vatnet for å finne nok djupne for inntaket til planlagt kraftverk.

(...)

Ingeniøren var i si tid med og la ut leidning til Sande vassverk."

Vedlagt forsendelsen er bilder og heftet "Gaularvassdraget. Eit verna vassdrag.", utarbeidet i november 2009 i forbindelse med møte med miljøverndepartementet, Direktoratet for naturforvaltning og SFT 4.11.2009 Heftet er ikke referert her.

Tilleggsopplysninger fra søker

Søker har besvart de innkomne merknadene etter NVEs befarings i e-post datert 22.9.2009:

"(...)

1. Tunell heile vegen.

Vi her sett på muligheten for å bygge tunell heile vegen. Tunellen blir mellom 935 og 735m alt etter kor ein legg inntaket. Sjå vedlagte kart. Ved å bygge kanalar over dyrka mark kan ein kutte inn på nødvendig lengde, men vi kjem likevel ikkje ned mot det som er teknisk mulig (600m).

Eg har snakka med Entreprenørservice as som er ekspertar på fullprofilboring, og dei vil ikkje kunne bore meir enn 600m i ein gong. Ingen av desse tunellane er teknisk mulig med det utstyret som er i Noreg i dag. Vi kan splitte den lengste tunellen i to , og borre den i to omgangar, men det er ikkje økonomi i prosjektet til å borre på heile strekninga. Dette er ca 180% dyrare enn graving og legging av rør.

Nordhard as har ingen løysing på så store dimensjonar.

Konvensjonell tunelldrift med minimum tverrsnitt (16 m^2) vil bli 360% dyrare og gi 25 ganger meir masse enn ved fullprofil av 1,4m i diameter.

Etter at dette vart klart tok vi i dag ei ny synfaring med maskinentreprenør H. Kvamme as som har brei anleggserfaring bla. frå bygging av småkraftverk. Vi gikk traseen og såg på tekniske løysingar for å bygge kraftverket som planlagt utan å komme i konflikt med kantvegetasjonen langs elva og strandsona. Konklusjonen er at dette er mulig anleggsteknisk, men det krev mellomlagring av massar som anvist på vedlagte kart. Ein må grave/sprenge seg fram, ta ut massane, legge 6m rør, fyller over røret som ligg i veien, og jobbe seg vidare framover på denne måten i dei trange partia. Der det er lågbrekk på veien i dag må vi mure mot elva, slik at fyllmassane ikkje kjem inn i kantsona.

Mellomlagringa vil skje i den vesle dalen som er i starten på røyrgata , eller på dyrkamark som anvist på kart. Dette blir sjølvsagt rydda vekk når vegen og røyrgata er ferdig.

H.Kvamme as vil utarbeide eit løysingsforslag som vil bli oversendt i løpet av neste veke.

Ved utløpet av tunellen vil det bli etablert eit massebasseng for oppsamling av massane som blir spylt ut under fullprofilboringa. Vatnet som blir brukt til spyling blir reinsa for slam og sedimenter før det blir slept attende til elva.

Massebassenget blir tømt med jamne mellomrom og massane blir brukt til omfylling av røra.

2. Det vedlagte kartet viser dei aktuelle plassane for midlertidig deponering av masse.

3. Det er 1150 m frå Fossfossen til kraftverket langs elva.

4. Ein vil søke i ta vare på det eksisterande miljøet rundt den gamle saga. Avløpet frå kraftverket kjem til inntaksdammen til saga. Det er i dag ein omløpskanal på sør/vest sida av saga. Vi vil justere den eksisterande omløpskanalen til å kunne ta den auka vassføringa frå kraftverket, slik at driftsvassføringa går i omløpskanalen og ikkje

gjennom saga. Ein må kanskje lage ei litt større opning gjennom steinmuren på bildet under slik at vassføringa frå kraftverket går i den eksisterande kanalen til venstre, medan området rundt saga og på nordsida forblir urørt.

5. Vi har ikkje noko i mot at vegen fram til påslaget blir utført som kjøresterkt terreng som etter kvart vil gro til. (jfr. Turlaget sin uttale). Etter synfaringa i dag er vi sikre på at vi kan utføre dette på ein måte som gjer at både Turlaget og andre blir fornøgd med det endelege resultatet.”

H. Kvame AS, maskinentreprenør har vurdert rørgatetraseen i brev 19.10.09

”Viser til synfaring med Olav Osvoll, å vurderar det som fullt mogeleg å utføre arbeidet med nedgraving av rørgate uten for stort naturinngrep, men det forutset plass for mellomlagring av massar på depo i anleggstida, då det ikkje er plass til å lagre massar på sida av grøftetrase, dette for å ta vare på den naturlege buffer sona mot elva. På denne måten kan ein klare seg med ei trasebredde på 6-8 meter, litt avhengig av djupne på grøfta.”

Søker har følgende kommentar til uttalelsen fra Informasjonskomiteen for Gaularvassdraget i brev av 2.11.2009:

”(…)

1. *Vannstand / vassføring i Haukevatnet før og etter utbygging.*

Det er ikkje oppmålt vassføringskurve for Haukevatnet, men vi har laga ei teoretisk vassføringskurve ved at vi har definert utløpet til å vere 16 m breitt (tatt frå kart).

Overflata av Haukenvatnet er 0,2275 km², og det er 600 m frå innløp til utløp av vatnet. Ei påverking frå kraftverket vil berre kunne påverke dette vatnet, då det er 15 m fall mellom Nesavatnet (som ligg oppstrøms) og Haukenvatnet.

Kraftverket vil kunne starte å kjøre ved 7,7 m³/s dersom minstevassføringa er 4m³/s. I løpet av dei første driftstimane vil vatnet senke seg ned med 15 cm til det nivået som gir 4 m³/s i Fossfossen. Ein får då ei parallell forskyving av vannstanden i Haukevatnet pga. uttaket til kraftverket.

Når vassføringa er lik middelvassføringa er reduksjonen 8 cm, medan den på flaum er 6 cm.

Denne parallellforskyvinga er tilsvarande reduksjon i vassføring i figuren under, men den er større ved låg vassføring og mindre under flaum. Variasjonane ligg likevel innanfor det som er ”normalt” for Haukenvatnet. Om dette vil bli oppfatta som ei ”senking” av vatnet av dei som bur rundt er lite truleg då den normale dynamikken i vatnet er stor og framleis vil vere like stor med litt lågare topp enn før. Dei lågaste naturlege nivåa blir som før då kraftverket vil stå under slike forhold.

(…)

2. *Inntak i Haukenvatnet.*

Det er tilstrekkelig djupne der inntaket er planlagt. Det blir sprengt ut eit inntaksbasseng som blir brukt som riggområde for boring av røyrkata. Dette blir deretter opna ut mot vatnet. Vi får tilstrekkelig djupne i dette bassenget til å dykke tunellen. Opninga mot vatnet vil ligge omtrent på same nivå som utløpsterskelen i Fossfossen og treng difor ikkje forast langt inni vatnet. Ei søker å halde lågast muleg fart på vatnet ved inntaket for å sleppe problem med massetransport og rusk på rista.

Eit kraftverk treng ikkje ta hensyn til om ein sug inn overflatevatn av ujamn kvalitet eller noko rusk frå organisk materiale slik som vassverk må gjere. Difor er det ikkje aktuelt å gå så langt ut som ein gjorde for å få drikkevatn.

3. Anleggsvegen.

Det har vore synfaring saman med entreprenør H.Kvame as som har erfaring frå røyrlegging i samband med bygging av kraftverk. Det er tilstrekkelig med 6m bredde på traseen på dei smale og bratte partia. Her vil ein mellom lagre massar utanom grøftetrassen, og legge røra etter kvart som vegen vert ført fram til tunell påslaget. Sjå elles vedlagte brev frå H.Kvame as. Vegen kan godt bli liggande som kjøresterkt terreng for utbyggar sin del. Vi visert elles til tidligare kommenatar om at vi vil ta vare på randsonen mot elva og sette området i god stand att etter inngrepet.

Gaular kommune sitt vedtak om bygging av skogsbilveg i det same område er ei sak for seg. Ein evt. konsesjon vil gi løyve til bygging av alle delar av kraftanlegget.

4. Endringar i naturen.

Ingen av verneverdiane som vart lagt til grunn for vernet av Gaularvassdraget er truga av denne utbygginga. Inngrepet ligg i eit område sterkt prega av kulturlandskap og inngrep i form av vegar og kraftlinjer. Uttaket av 8,5% av middelvassføringa vil vere marginalt synleg i Fossfossen store delar av året, og såra etter anleggsvegen og rørgata vil raskt gro til att. Inntaket og kraftstasjonen vil bli det einaste synlege effekten etter utbygginga er avslutta."

Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader

Om søker

Søker er Hauken/Selstad Kraft AS som består av alle rettighetshaverne som blir berørt av utbyggingen. Formålet med utbyggingen er å styrke næringsgrunnlaget og bosetningen for grunneierne. Driften av kraftverket skal settes bort til et privat aksjeselskap.

Om søknaden

Det er søkt om tillatelse etter § 8 i vannressursloven om tillatelse til å bygge Hauken/Selstad kraftverk. Videre er det søkt etter energiloven om tillatelse til å installere tilhørende anlegg, og etter forurensningsloven om gjennomføring av tiltaket.

Søknaden gjelder utnyttning av et fall på 35 m mellom kote 115 og kote 80. Installert effekt vil bli 0,999 MW som gir en årlig produksjon i kraftverket på ca. 8,3 GWh. Prosjektet er omsøkt med en minstevannføring på 4 m³/s hele året.

Beskrivelse av området

Gaularvassdraget ligger i Sunnfjord i Sogn og Fjordane. Det nesten 80 km lange vassdraget strekker seg fra Jostedalsbreen i nord med tilsig fra Grovabreen og Jostefonn, og i sør dreneres høyfjellsområdene sør og nord for Gaularfjellene. Nedbørfeltet omfatter både høyfjells- og lavlandsområder, men betegnes vanligvis som et lavlandsvassdrag. Gaula renner mellom de markerte fjelltoppene Selstadheia i sør og Kjelstadnakken i nord. Gaula har sitt utspring fra området sør for Søgnesandsnipa sør for Kjøsnesfjorden. Fra dette området renner elva i vekslende terreng gjennom Haukedalsvatnet og Viksdalsvatnet, Hestadjfjorden og Nesavatnet før elva renner ut i Haukevatnet.

Utbyggingsområdet ligger på Selstad omkring 2 km øst for Sande. Inntaket til det planlagte kraftverket vil ligge på vestsiden av Haukevatnet. Elva renner videre fra Haukevatnet nedover dalføret til Sande. Fra Sande renner elva i vekslende terreng til Osen som ligger innerst i Dalsfjorden.

Eksisterende inngrep i vassdraget

I forhold til størrelse og beliggenhet har vassdraget få større tekniske inngrep. Dalbunnen er preget av store arealer med dyrket mark. Det er spredt bosetting langs elvene og ca. 1 mil fra utløpet ligger tettstedet Sande. Elva er forbygd på enkelte strekninger. I øvre deler av vassdraget ligger noen støler og noe hyttebebyggelse. Riksvei 610 og andre veier følger elvene innen det meste av feltet.

Det er rester etter et tidligere kraftverk, "gamle Sande vassverk" der inntaket til Hauken/Selstad er planlagt. I dag er rester etter det gamle pumpehuset synlig.

Det er bygget 13 mikro- og minikraftverk i vassdraget i dag. Vv disse er syv i Haukedalen og to i hovedelva nedenfor Haukedalen. Videre er det bygget fire kraftverk på strekningen fra Viksdalsvatnet til Sande.

Inntak

Inntaket vil bli plassert på vestsiden av Haukevatnet og på sørsiden av elva på kote 115. Inntaksarrangementet vil bli bygd under bakkenivå med stengeventil og varegrind. Det vil bli sprengt ut et inntaksbasseng som vil bli brukt som riggområde for boring av rørgata, som deretter blir åpnet ut mot vannet. I bassenget vil det bli tilstrekkelig dybde til å dykke tunnelen. Åpningen mot vannet vil ligge omtrent på samme nivå som utløpsterskelen i Fossfossen, og det blir derfor ikke behov for å føre røret ut i vannet. Det vil søkes å holde lavest mulig fart på vannet ved inntaket for å slippe problem med massetransport og rusk på inntaksrista. Inntaksområdet vil bli arrondert med stedlige masser når anleggstida er over.

Rørgate/ tunnel

Fra inntaket vil vannet føres i en 430 m lang sprengt eller boret tunnel til kote 100 nedstrøms Fossfossen. Tunnelen vil munne ut ved omsøkte skogsbilvei. Driftsvannet vil deretter føres i et om lag 550 m langt nedgravd tilløpsrør ned til kraftstasjonen. Rørdiameter vil bli 1400 mm.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen vil plasseres på kote 80 på sørsiden av elva. Stasjonshuset vil få et areal på ca. 80 m² med mønehøyde 5,3 m. Bygningen vil bli tilpasset lokal byggeskikk og farge. Kraftstasjonen vil bli installert med en francisturbin med ytelse inntil 1 MW. Kraftverket vil bli utført som et lavspenninganlegg med generatorspenning på 0,69 kV.

Elektriske anlegg

Hovedtransformatoren vil bli plassert i et eget rom i kraftstasjonsbygget. Transformatoren får en ytelse på 1,25 MVA og en omsetning på 0,69/22 kV.

Eksisterende 22 kV- linje fra Sande - Rørvikfjell går gjennom området. Det er planlagt en 770 m lang kabel vestover over dyrket mark på Selstad og kryssing av Gaula via den eksisterende brua og videre opp til kraftlinja som går på nordsiden av riksvegen.

Veier

Gaular kommune har gitt tillatelse til å bygge en traktorvei på ca. 500 m langs elva fra Selstad og østover mot Haukevatnet. Traktorveien er ikke bygget. I dag går et kjørespor som går over i sti på strekningen, og etablering av traktorveien vil kreve inngrep i bratt terreng. Rørgata vil legges i traseen for denne veien. Det er ikke behov for ny atkomst til inntaket eller kraftstasjonen, da det allerede er opparbeidet vei i området.

Massetak og deponi

Ved sprenging av tunnel vil det bli behov for massedeponi. Massene kan mellomlagres/lagres i nærområdet. Aktuell plassering for sedimentasjonsbasseng ved ev. profilboring vil bli 35 m fra elvebredden ved påslaget til tunnelen. Ved konvensjonell boring/ sprenging vil tunnelmassene bli brukt direkte i vegbanen og overskuddsmasser vil kjøres bort.

Hydrologiske virkninger

Gaula har nedbørfelt fra vannskillet i nord mot Førde og Jølster kommune og i sør mot Høyanger og Balestrand kommune. Nedbørfeltet til kraftverksinntaket er 505 km² med en middelvannføring på 43,1 m³/s. Alminnelig lavvannføring nedenfor inntaket er beregnet til ca. 4 m³/s.

Det foreligger ingen vannføringsmålinger i feltet i dag. For å beskrive vannføringens variasjon over året er vannmerke 83.2 Viksvann (1964-2003) skalert og benyttet. I tillegg er NVEs avrenningskart benyttet for middelavrenningen basert på normalperioden 1961 – 1990.

Dagens vannføring er karakterisert ved høy sommervannføring og noe lavere høstvannføring. Vannføringen i elva varierer i takt med nedbør og temperatur. Vintervannføringen er lav fra slutten av november til april. De mange innsjøene i vassdraget gjør at vannføringen i Gaula har god utjevning i forhold til andre elver på Vestlandet.

Kraftverket er planlagt med maksimal slukeevne på 3,67 m³/s, tilsvarende 8,5 % av middelvannføringen og minstevannføringsslipp på 4 m³/s. En utbygging vil føre til at lavvannføringene vil bli noe reduserte, ellers vil flommene gå som før men med en reduksjon tilsvarende maksimal slukeevne i kraftverket. Det er beregnet at for et midlere år vil vannføringen være større enn største slukeevne i 310 dager i året.

Produksjon og kostnader

Søker har beregnet gjennomsnittlig kraftproduksjon i Hauken/Selstad kraftverk til ca. 8,3 GWh/år fordelt på 3,6 GWh vinterproduksjon og 4,7 GWh sommerproduksjon. Byggekostnadene er estimert til 14,2 mill. kr. Dette gir en utbyggingspris på 1,71 kr/kWh, prisnivå 2006.

NVE har kontrollert de fremlagte beregningene over produksjon og kostnader. Vi har ikke fått vesentlige avvik i forhold til søkers beregninger. Det vil likevel være søkers ansvar å vurdere den bedriftsøkonomiske lønnsomheten i prosjektet.

Arealbruk og eiendomsforhold

For å gjennomføre utbyggingen vil det bli behov for areal til midlertidige og permanente anlegg. De midlertidige anleggene beregnet til 6 daa vil bli revegetert når arbeidet er avsluttet. Inntak og kraftstasjonsområde vil permanent båndlegge et areal på 2 daa.

Utbyggingen vil i sin helhet foregå på grunneiernes eiendom som står bak prosjektet. Alle grunneierne er kontaktet og aksjeselskapet Hauken/Selstad AS vil inngå minnelige avtaler om leie av fallrettigheter og grunnareal som trengs for å gjennomføre utbyggingen. En grunneier har i etterkant av avtalen uttalt at hun ikke lenger står bak omsøkte prosjekt. NVE vil bemerke at dette forholdet er av privatrettslig art og ikke av betydning for konsesjonsspørsmålet.

Forholdet til offentlige planer

Kommuneplan

Prosjektområdet er i kommunens arealplan utlagt til LNF-område.

Samlet plan (SP)

Prosjektet er under grensen for behandling i SP og er heller ikke i konflikt med eksisterende SP-prosjekt. En samlet utbygging av Gaularvassdraget er tidligere plassert i kategori III (II) i SP, men i St.meld. 60 ble prosjektene tatt ut av SP i forbindelse med vern av vassdraget.

Verneplan for vassdrag

Gaularvassdraget er vernet i Verneplan IV for vassdrag. Dette ble gjort gjennom vedtak i Stortinget i 1993. Vedtaket innebærer i utgangspunktet at hele vassdragets nedbørfelt er vernet mot kraftbygging. Det er også gitt rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag med hjemmel i plan- og bygningsloven. Disse gir klare føringer til offentlig forvaltning om å ta vare på verneverdiene i de vernede vassdragene, også med hensyn til andre tiltak enn kraftutbygging.

I differensiert forvaltningsplan for Gaularvassdraget (1996) er tiltaksområdet for Hauken/Selstad kraftverk satt i arealklasse 2, som er område med middels grad av menneskelig påvirkning. Småkraftutbygging kommer i denne arealklassen i forvaltningskategori 3. Det vil si at tiltaket normalt vil være i konflikt med vernekriteriene.

Gjennom behandling av St.prp. nr 75, (2003-2004) ble det vedtatt at det skal kunne gis konsesjon for vannkraftanlegg med ytelse inntil 1 MW i vernede vassdrag. En forutsetning for at det skal kunne gis konsesjon er at verneverdiene ikke svekkes, jf. vannressursloven § 35, post 5.

I begrunnelsen for vern av Gaularvassdraget legges det vekt på naturfaglige verdier og at vassdraget spenner over en stor variasjon av naturtyper og representerer en stor del av variasjonen i Sunnfjord. Vassdraget er et godt egnet typevassdrag, vassdraget har en rekke naturfaglige lokaliteter av svært stor verdi. Det ble også lagt vekt på at vassdraget hadde få tekniske inngrep i forhold til størrelsen og beliggenheten, og at vassdraget av den grunn har stor referanseverdi. Botaniske verdier, fauna, kulturminneverdier, friluftsinnteresser og landbruksinteresser er også vektlagt i begrunnelsen for vernet. Mange av de miljøfaglige verdiene som det blir pekt på i begrunnelsen for vern er lokalisert oppstrøms det planlagte prosjektområdet.

Inngrepsfrie områder (INON)

Inngrepsfrie områder vil ikke bli berørt av tiltaket.

Nasjonale laksevassdrag

Gaularvassdraget er nasjonalt laksevassdrag (2003). *"Beskyttelsesregimet for nasjonale laksevassdrag skal sikre at det ikke gjennomføres nye tiltak som kan være til nevneverdig skade for villaksen"* (kap. 6 i St.prp. nr 32 2006-2007). Vassdragsregulering *"kan ikke gjennomføres når det fører til endring av naturlig vannføring, vanntemperatur, vannkvalitet eller vandringsforhold på lakseførende strekning som er av nevneverdig negativ betydning for laksen"*.

Høring og distriktsbehandling

Søknaden er behandlet etter reglene i kapittel 3 i vannressursloven. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vært sendt lokale myndigheter og interesseorganisasjoner, samt berørte parter for uttalelse. NVE var på befaring i området den 16.9.2009 sammen med representanter for søkeren, kommunen, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane turlag og Informasjonskomiteen for Gaularvassdraget. Høringsuttalelsene har vært forelagt søkeren for kommentar.

Gaular kommune er positiv til bygging av kraftverket med visse vilkår. Kommunen har gitt dispensasjon fra arealdisponeringen i gjeldende kommuneplan, slik at utbyggingen kan gjennomføres. Kommunen ber om at det vurderes om det skal legges jordkabel for kraftledningen langs røtraseen.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, FM, rår til at det ikke gis konsesjon til prosjektet grunnet virkningene for verneverdiene og allmenne interesser. Prosjektet er i konflikt med naturverdier, fisk og landskap. FM mener at utbyggingen vil være negativ for Gaularvassdraget som verna vassdrag, type- og referansevassdrag og nasjonalt laksevassdrag. FM viser til at en bekkekløft av nasjonal verdi blir berørt av utbyggingen, der det er påvist en rødlistet lavart.

Sogn og Fjordane fylkeskommune, FK, rår til at det gis konsesjon, begrunnet med at de økonomiske fordelene ved prosjektet er større enn ulempene. Det må vurderes om kraftledningen kan føres i jordkabel i røtraseen. FK mener deler av utbyggingsområdet har potensiale for funn av automatisk freda kulturminner. Det må gjennomføres en arkeologisk registrering i prosjektområdet før en ev. utbygging.

Statens vegvesen har ingen merknader til prosjektet slik det er omsøkt, annet enn at det må søkes på vanlig måte ved nærføringer og kryssinger av offentlig veg eller dispensasjon fra byggegrense.

